



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet som klagenemnd</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Årdal kommune - Rådhuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>20.06.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>16:15 – 16:25</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:** **Fylkesrådmann Tore Eriksen**  
**Sekretariat for møtet:** **Svein Hågård**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet som klagenemnd valde fylkesordføraren og Sigurd Reksnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

**SAK 2/18 Klage frå Nærøyfjorden Verdsarvpark på avslag på søknad om infrastrukturmidlar i reiseliv - Lysprosjektet «Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden»**

Fylkesutvalet fann samrøystes Åshild Kjelsnes inhabil til å ta del ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1.

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Klagen frå Nærøyfjorden Verdsarvpark vert ikkje teken til følgje.

**Endringsframlegg:**

**Aleksander Øren Heen** sette fram slikt framlegg:

Fylkesutvalet løyver kr 50 000 til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark til prosjektet Lysprosjekt.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Heen vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet løyver kr 50 000 til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark til prosjektet Lysprosjekt.

-----

**SAK 3/18 Klage frå Norled AS på avslag på søknad om infrastrukturmidlar i reiseliv - sesongutviding på ruta Bergen-Flåm**

**VEDTAK:**

Klagen frå Norled AS vert ikkje teken til følgje.

-----